

Klynga på Klokkarhaugen

Ei robust og fleksibel sentrumskerne i Vang

Sluttleveranse · September 2021



Innhald

Teamet	3
Bakteppe	4
<i>Kinderegget; Arbeid, bustad og møteplass</i>	5
<i>Vår målsetjing</i>	7
<i>Premissar for løysingsforslaget</i>	8
Kartlegging	9
<i>Næring og arbeidsplassar</i>	11
<i>Bustader</i>	13
<i>Møteplassar</i>	14
Løysingsforslaget	16
Det store bildet – Vang sentrum sett under eitt	17
Det nære bildet – Klynga på Klokkarhaugen	18
<i>Funksjonsoversikt</i>	19
<i>Snitt</i>	21
Realisering – Korleis får vi til dette i praksis?	28
<i>Organisert fellesskap</i>	29
<i>Næring fyrst, resten etterpå</i>	30
<i>Kort oppsummert – Steg for steg</i>	31



Teamet bak forslaget



**Eirik Høyeme Rogn (36),
teamleiar**

*Grafisk designar og
småskala grønsaksbonde*

Eirik er innfødd
vangsgjelding med mange
forskjellige prosjekt
på samvitet. Han er
utdanna grafisk designar,
var med på å starte
Kontorfellesskapet 1724, og
jobbar i desse dagar med
å utvikle bustadområdet
«Klukkargrende» utanfor
Vang sentrum.



Trine Grann (59)

*Tekstforfattar og
hotelleigar*

Trine er stolt osloborgar
med stort hjarte for Vang,
som mangeårig eigar av
Sommerhotellet – som ho
kjøpte og berga frå forfall
for 20 år sidan, og har
fylt med liv og røre kvar
sommar sidan. Trine er
til dagleg tekstforfattar
i Allente (tidl. Canal
Digital), og har arbeidd
med tekst, reklame og
kommunikasjon gjennom
mange år.



Endre Vik (35)

Byggingeniør

Endre er ein vangsgjelding
på heimveg med jobben
som prosjekteringsleiar
i HENT i bagasjen, etter
mange år i byggebransjen
i Oslo og utdanning ved
NTNU i Trondheim. Han
har tidlegare hatt ulike
roller i både HENT og
Sweco.



Sigrid Skjerdal (29)

Festivalsjef

Sigrid er innflyttar til Vang
frå Sogn, og vårt kulturelle
alibi som festivalsjef
for Vinjerock, som snur
Vang på hovudet i juli
kvart år (når det ikkje
er pandemi, da), og som
set farge på bygda med
andre arrangement og
møteplassar resten av
året. Sigrid er utdanna
som journalist og innanfor
natur- og opplevingsbasert
reiseliv.



Marius Waagaard (36)

Arkitekt MNAL

Marius er utflytta valdris
med stort engasjement
for Vang, med både
masteroppgåve og mange
teikneprosjekt i bygda på
samvitet. Han arbeider for
Taktil arkitekter i Oslo.



Bakteppe:

Ein omstart for Vang sentrum

Klynga på Klokkarhaugen – ei robust og fleksibel sentrumskjerne for Vang




Vårt konsept handlar i korte trekk om å definere eit «nullpunkt» for Vang sentrum – eit sentrumsområde som i realiteten strekk seg over fleire kilometer. Den naturlege plassen for nullpunktet er etter vårt syn på Klokkarhaugen, midtvegs mellom skulen og Mjøsvang – og det historiske midtpunktet i Vang sentrum sidan midten på 1800-talet.

Men – vi trur at Vang har alt å vinne på definere eit sterkare sentrumspunkt. Ein plass kor eksisterande og ny næringsaktivitet samlast, og ein plass kor fleire bur, lev og treffast til både kvardags og fest. Får vi til dette blir det også ein plass som endå fleire vil stoppe på og besøke, og dermed er vi eit langt steg nærmare eit levande bygdesentrum.



Formålet med dette er absolutt ikkje å sentralisere alle sentrumsfunksjonar til ein plass – tvert imot ynskjer vi at heile sentrumsaksen skal dyrkast vidare med dei kvalitetane som finst langs heile aksen frå aust til vest, noko programmeringsforslaget vårt også syner. Eit sterkare sentrum rundt Klokkarhaugen vil aldri kunne løyse *alle* behov.



Kinderegget;

Arbeid, bustad og møteplass

Eit levande sentrum består etter vår meining av tre komponentar i symbiose; Arbeidsplassar, bustader og møteplassar – av både det formelle og uformelle slaget.

Arbeidsplassane held sentrum levande på dagtid og gjennom lågsesongane. Dei som bur der held det levande på kveldane og i helgene. Og møteplassane kan ikkje eksistere utan det eine eller andre – dette er ei tredelt gjensidig avhengigheit.

Vår tilnærming er likevel at næring bør koma på banen fyrst. Det er dei som i størst grad vil definere opplevinga av sentrumsområdet, og det er dei som bør vera motoren i utviklinga av området.

Næringsliv i endring

Om det er ein ting vi har lært sidan mars 2020, så er det at ting kan endre seg snøgt. Det siste halvanna

året har snudd opp ned på mange tradisjonelle føresetnader, og opna heilt nye dører. Hundretusenvis av arbeidstakarar har fått ein heilt annan fleksibilitet ift. val av arbeidsstad, og stadig fleire stillingar blir lyst ut utan fast arbeidsstad. Samstundes ser vi ei gledeleg utvikling i Vang kor mange yngre startar eigne verksemder innanfor eit breitt spekter av fagfelt.

Felles for dei fleste av desse er at dei har behov for ein eller annen type infrastruktur rundt seg. I mange tilfelle handlar det om ein kontorplass, fiber, kaffi og eit lukka videomøterom, medan andre treng ein verkstad for å utøve kreative yrker, eller eit produksjonskjøken for foredling av lokale råvarer.

Denne utviklinga kjem ikkje til å stogge, og Vang har alt å vinne på å dyrke og styrke sin allereie gode posisjon på dette området – ved å både auke kapasiteten for kontorbaserte, fleksible arbeidsplassar, men ikkje



minst utvide tankegangen til å også omfavne andre næringer, som lokalmatproduksjon, handverk, kultur og småskala handel og service. Besøksvenlege næringer som gjev sentrum ein ekstra stoppeffekt.

Fleksibilitet er nøkkelen. Vi treng næringsareal som er utforma for å kunne utvikle seg i takt med behovet, og som gjev spelerom til å realisere potensialet som ligg framfor oss.

Bustader for dei som vil bu i sentrum

Det er krevjande å finne seg bustad i Vang. Boligmarknaden er stort sett skrapa, og leigemarknaden knapt eksisterande. Tilgangen på enklare bustader som leilegheiter og småhus er fråverande.

Det er liten tvil om at sentrum kan løyse ein del av dette behovet, men vi trur likevel ikkje det er ei rett prioritering å legge opp til at bustadbehov for eit stort mangfald av målgrupper skal løysast innanfor det relativt begrensa arealet rundt Klokkarhaugen. Vi trur risikoen er stor for at ein ikkje treff nokon dersom ein prøver å treffe *alle*. Bustader i sentrumskjerna må fyrst og fremst utviklast for dei som *ynskjer* eller *treng* å bu tettast på der det skjer.


Med dette sagt er det likevel liten tvil om at bustadene i sentrumskjerna har ein nøkkelfunksjon i målsettinga om å skape eit levande sentrum. Eit sentrum utan innbyggjarar blir fort eit spøkelsesrom. Det vil vi få merke hardt og brutalt den dagen mottaket lukkar dørene, med mindre vi lukkast med å fylle tomrommet med ny aktivitet.


I likskap med tankegangen vi legg til grunn for arbeidsplassane i sentrum er klyngetanken også sentral for bustadene – i den forstand at livet i sentrum byr på ein del fordelar som gjer det attraktivt å bu der, som t.d. enkel tilgang på møteplassar og servicefunksjonar som treningssenter o.l. Likevel er det avgjerande å treffe det rette skjæringspunktet mellom det delte og det private for å lykkast med å skape eit bumiljø som framtidens vangsgjeldingar kan trivast i.

Kombinasjonen av bustader og næring mogleggjer også at bustadene kan plasserast på dei delane av arealet som gjev den mest attraktive belieggenheita mht. støy, innsyn og utsyn.

Å treffast i sentrum

I dag finst det knapt nokon grunn til å oppsøke Vang sentrum utover dei naudsynte ærenda du kan få





utført. Med unntak av biblioteket og kaffibordet på Coop'en er det knapt nokon uformelle møteplassar å oppsøke.

Med eit levande næringsliv i kvardagen, og lys i glasa med glade sentrumsbebuarar resten av tida, ligg mykje til rette for at også møteplassane skal få grobunn til å eksistere. Nokon av dei kanskje i sesong, andre på heilårsbasis. Nokon i eksisterande bygg, andre i framtidige bygg.

Med ei god blanding av kontorbaserte arbeidsplassar

og meir besøksvennlege eller serviceorienterte næringar, så får vi folk til å koma til sentrum. Med gode møteplassar attpå får vi dei til å bli. *Og der dei fastbuande trivast trivst også gjestene.*

Møteplassane, både dei uformelle og formelle, må få stort fokus i planarbeidet. Området mellom banken og Sommerhotellet kan fort bli ei skjerma og litt «utilgjengeleg» sone, gøymt bak høge tak og triste støyskjermar, dersom området og bygningane blir utforma utan dette i fokus. Det er ein avgjerande suksessfaktor at du kjenner deg invitert inn i området.

Dette har vi hatt **mål om å løyse:**

1. «Programmering» av Vang sentrum, med analyse av eventuelle **nye bruksmoglegheiter for eksisterande bygningsmasse** på baa sider av E16, og behov for ny bygningsmasse – basert på kva for kjernebehov vi meiner at bør løysast henholdsvis innanfor og utanfor den definerte sentrumskjerna.
2. Utarbeiding av eit **robust og fleksibelt bustad- og næringskonsept**, med tilhøyrande møteplassar, for arealet i aksen rundt Klokkarhaugen. Konseptet skal kunnast realiserast etappevis, og vera utforma slik at det blir mest mogleg interessant for potensielle utbyggjarar/investorar.

Premissar for vårt løysingsforslag

Korleis kan ein løyse buformar i sentrum på ein innovativ, bærekraftig, attraktiv og gjennomførbar måte?

1. Eit konsentrert og veldefinert sentrum i aksen rundt Klokkarhaugen med eit mangfald av bruksområder og aktivitetar er den sentrale suksessfaktoren i vårt konsept.
2. Små, enkle bueningar og leiligheter plasserast i sentrumskjerna. Større og meir fleksible bustader plasserast omvendt proporsjonalt av avstand frå kjerna.
3. Rom for innovativ næringsutvikling i kombinasjon med bustader, med synlegheit ut, kan opne for fleirbruk, meirbruk og nyskaping over tid.
4. Variasjon av bustadtyper, men einheitleg arkitektur, er naudsynt for å sikre heilskapen.
5. Rom for etappevis utbygging, samt moglegheit for kombinert utbygging av næring og bustad, vil gjera prosjektet lettare å få realisert over tid.
6. Robust og fleksibel utforming som kan romme ein variasjon av næringar, aktivitetar og program har stor betydning. Generalitet, fleksibilitet og elastisitet i arkitekturen gjev moglegheit for tilpasning og gjenbruk av bygningsmasse utan store fotavtrykk.
7. Høg butettheit nær høg nærings- og aktivitetstettheit gjev korte gåavstandar og reduserer transportbehov.
8. Bruk av robuste og lokale byggematerialer har lågt CO₂-fotavtrykk, eldast med verde og tålar bruk over tid. Høgteknologiske løysingar gjev ikkje alltid den beste klimarekneskapen etter endt levetid. Lokale og naturlege materialer gjev også moglegheit for å spele på lag med lokal byggeskikk.

Korleis kan sentrumsutviklinga bygge på stadsidentitet og særne kvaliteter?

1. Gjennom bruk av naturlege og lokale materialer.
2. Slektskap i skala (storleik) og form er ofte viktigare enn materialbruk for å knytte ny og eksisterande bygningsmasse saman (t.d. saltak, proporsjonar og høgder).
3. Velproporsjonerte uterom som skalerast for fotgengarar gjev møteplassar, vindskjerming og intensivering av opplevd bygdelig og aktivitet.
4. Vi ynskjer å utvikle eit konsept med fleire små bygg med små uteplassar framfor store bygg med store uteplassar. Dette kan gjerast med same tettheit i bustadareal.

5. Innovativ bruk av lokale ressursar byggjer identitet både i arkitekturen og i næringsutvikling.
6. Eksisterande stoppeffekt og naturkvalitetar i og rundt sentrumskjerna skal ivaretakast og – om mogleg – forsterkast ytterlegare gjennom arkitekturen og utforming av nye uterom.

Korleis er samansetjinga av bustader, næringsaktørar og uformelle møteplassar i framtidens Vang sentrum?

1. Både næring og bustader bør ha høgast tettheit rundt eitt punkt (Klokkarhaugen), med små bueningar og veldefinerte og synlege næringslokaler. Dette gjev aktivitetskonsentrasjon og ei kjensle av levande bygdelig.
2. Utanfor sentrumspunktet bør intensiteten vera lågare, men med rom for større bustader og fleksibilitet.
3. Blanding av bustader og næring gjev synergieffekter gjennom synlegheit og både uformelle og formelle møteplassar.

Kartlegging

Kven skal bu i sentrum, og kva slags boligar ynskjer dei? Kva tilbud saknar vangsgjeldingane i sentrum? Kva næringer og aktivitetar manglar lokale, og kva må til for at næringslivet i sentrum skal blomstre? Her følger vår analyse, refleksjonar og forslag for de tre hovedkomponentane i vårt forslag; bolig, møteplass og næring.

Kartleggingsgrunnlag og metodar

Grunnmuren i konseptet Klynga på Klokkarhaugen er informasjon frå medverkjingsverkstadar og djubdesamtalar med utvalde målgrupper. I desse har vi kartlagt ønsker og behov for møteplassar, næringsliv og bustader i Vang kommune. I tillegg har vi henta inn nøkkelpersonar frå utviklingsprosjekt vi meiner vi kan samanlikne oss med.

Framtidas 1724 - ein workshop med

leigetakarane på Kontorfellesskapet 1724



Kontorfellesskapet 1724 vart etablert på Vangstunet i 2013. Behovet var ein arena der kreative næringer, teknologi og andre «utradisjonelle» bygdenæringer kunne vekse og få synergi av kvarandre. Kontorfel-

lesskapet har fungert både som ein inspirasjon og dørøpnar til Vang for nye Vangsgjeldingar, media og andre bygder. Dei siste par åra har kapasiteten vorte fylt opp, og nye behov har meldt seg. Det er difor gjennomført ein ideverkstad med leigetakarane på kontorfellesskapet for å kartlegge behov og draumar for framtidens 1724. Resultatet frå denne er ein av grunnsteinane for konseptet vårt.

Framtidsverkstad med Vang kommune, DOGA

og LOFT4

DOGA og designbyrået LOFT4 samla innbyggjarar, næring, kommune og boligutviklarar til ein samtale om Vang sentrum i framtida. Resultata frå verkstaden



Romdiagram – utarbeida etter workshops med Kontorfellesskapet 1724 og Frimann Fjellbrenneri

vart kort oppsummert i nokre behov; møteplassar, lokal handel og gjenbruk. Det er behov for gode møteplassar i sentrum, og innbyggjarane ynskjer å bidra til at dette skal skje. Spesielt manglar det uformelle møteplassar kveldstid, og det kom fram idèar som pub, galleri, pizzeria og kulturscene. Det er eit ynskje at kommunen blir betre på å støtte initiativ frå befolkninga, og legg til rette for aktivitetar som skapar liv. Lavterskel møteplassar vil også gjere det enklare å drive næring i sentrum, og gi både lokale og hyttefolk ein grunn til å reise hit. Alle vil ha lokalmat. Det vart ytra behov frå fleire av fokusgruppene om ein platform for å syne fram lokale spesialitetar og handtverk.

Seminar med Pir II, Stokkøya og Krux

I oppstarten av prosjektet Klynga på Klokkehaugen henta vi inn ekstern kompetanse frå referanseprosjekt vi meiner har same kvalitetar og utfordringar som vi har i Vang. Katy Chada og Alise Plavina frå Trondheimsbaserte Pir II delte erfaringar frå prosjekt frå Tingvoll, bærekraftig hytteutbygging og alternative buformer på Mortensrud.

Ingrid Langklopp tok oss gjennom historia om Stokkøya, frå dei første hyttene til eit nyskapande samfunn med restaurant, bakeri, hotell og «Bygdeboks» som rommar

både kontorfellesskap, verkstad og arrangementslokale. Vi vart inspirerte, og fekk innsikt i at ambisiøs bygdeutvikling kan realiserast på fleire måtar. På Stokkøya løyste dei det med privat initiativ, med støtte frå Innvasjon Norge, kommunen og husbanken. På Oppdal skapte dei eit innovasjonssenter ved hjelp av eit bedriftsnettverk og det statlege føretaket for næringsutvikling, Siva. Andre erfaringar vi tek med oss er viktigheita av innbyggjarinvolvering i utviklingsprosessen, og viktigheita av å ta vare på lokal identitet i det ein gjer. Desse erfaringane stemmer godt med teoriene vi hadde før vi byrja med prosjektet Klynga på Klokkehaugen.

Djubdesamtalar med utvalde målgrupper

Etter samtale med Innvangsjon valde vi ut tre målgrupper for djubdeintervju. Gruppene vart vald fordi næringsutviklarane i kommunen meiner desse har ein sentral rolle for utviklinga av Vang sentrum. Vi snakka med 3-4 representantar i kvar gruppe, om tema som boligbehov, næringsutvikling i sentrum og møteplassar og tilbod. Gruppene er;

- *Næringsdrivande og grunneigarar.* Eit utval aktørar som eig bygg eller driv næring i sentrum av Vang per i dag.
- *Organisasjon og kulturliv.* frisklivsentral, frivilligsentral og pokerklubb og kulturaktørar.

- *Lokalmatprodusentar.* Dei er ei stor gruppe næringsdrivande i Vang, og er viktige merkevarebyggerar for området.
- *Unge under 25 år.* Ei gruppe kommunen ynskjer fleire av, som skal bu her lenge.

Kartlegging: Næring og arbeidsplassar

Hovudressursane for vår prioritering av næringsareal er workshop med Kontorfellesskapet 1724, resultatane frå DOGA-workshop med eit utval næringsdrivande og innbyggjarar i forkant av Gnist-prosjektet, og djubdesamtalar med ulike næringsaktørar i Vang sentrum.

Innadvendte næringer

Næringer som er kontor- og skjermbaserte, helsetenes-ter, tannlege og andre som ikkje treng utstillingsvindu for å få kundar inn, kallar vi innadvendte næringer.

Desse har likevel eit stort potensiale for å trekke folk til sentrum, og kan bidra til auka kundegrunlaget for den øvrige handelsstanden. Undersøkingane våre syner at det er eit behov for;

- *Fleire kontorplassar, ambulerande og faste*
- *Fleire lukka kontorplassar*
- *Makerspace - for handtverk, matproduksjon, reparasjonsverkstad*
- *Lokale for treningssenter*
- *Open fasade/foaje som gir møteplassar mellom bygda og arbeidfellesskapet*
- *Mat! Tilgang på kantine/kafèareal som kan vera ope for andre*
- *Lademoglegheiter for elbil og elsykkel*

Leigetakarane på 1724 trekk fram kvalitetar som utsikta, å vera tett på naturen, bruk av naturlege materiale, og lavterskel aktivitetar som bryt opp arbeidskvardagen som viktige. Dei ynskjer at 1724 i framtida skal vera ein katalysator for utvikling av sentrum, ein gründerhub og møteplass med aktivitetar for fleire som ikkje har kontorlassen sin der.

Utadvente næringer

Desse treng synlege fasadar og inviterande løysingar mot publikum. Eksempel kan vera bank, frisør eller servering. Kontorfellesskapet 1724 nemner her ynskjet om å knyttast til utadvendte næringer for å skape møteplassar med lokalbefolkning og besøkande. Frå djubdesamtalane med næringsdrivande og lokalmatprodusentar kan vi trekke ut ;

- *Lokale som knyt saman aktørar som kan løfte kvarandre. T.d. hudpleie og frisør*

- *Fleire eksisterande aktørar ynskjer lokale dei kan vekse i og vera meir synlege i*
- *behov for stad å selje lokale produkt innan mat og handtverk*
- *Behov for stad å syne fram merkevara mat frå Valdres/Vang, og presentere seg og møte kundane*
- *Næringslokale som eignar seg til servering (bakeri, pub, pizzeria)*
- *Kulturarena, galleri*

Det er eit ynskje og behov blant fleire informantar om at eksisterande bygningsmasse blir utnytta. Grindaheim, Ellingbø-bygget og Klokkarhaugen er landemerke i sentrum. Fleire av kjeldene fryktar ei framtid der desse står tomme, og trur det kan påverke anna aktivitet i sentrum negativt. Når det byggast nytt, ynskjer fokusgruppene at ein knyt saman gamle og nye bygg med lokal kulturarv som raud tråd.

Fleire av behova er slik at ein ikkje berre treng eit lokale som kan fyllast, men også aktørar som kan fylle lokalet. Men mange av informantane ynskjer seg tenestene, og vil nytte dei om dei kjem. Både eigarar og næringsdrivande syner stort engasjement for å bidra til eit levande sentrum, og ynskjer å delta aktivt i den vidare prosessen med utvikling av sentrumskjerna.

Prioriteringar for næringsareal basert på kartlegginga:

- Utadvendte næringer sentrert kring torget, som inviterer til inkludering og samskaping
- Fleirbruksbygg og arbeidsfellesskap med moglegheit for bakeri og lokalmatutsal, turistinformasjon og fleksible areal for konsertar og utstillingar
- Pub/kafè i Klukkarhaugen, det eldste bygget i sentrum
- Utadvendte næringslokaler i første etasje av boligar mot gågate
- Fellesverkstad. Gjenbruk og reoperasjon er ein grunnstein både i privat og næringsøkonomi. I ein fellesverkstad/skavarverkstad kan framtidens næringer bli til
- Sørvisnæringer innan helse og velvære i H.T. Ellingbøbygget
- Treningssenter i Grindaheim for å fylle bygget med aktivitet
- Destilleri i samband med Sommerhotellet

Kartlegging: Bustader

I 2017 gjennomførte Innovangsjon ei bustadsundersøking. Størsteparten av respondentane var i alderen 18-45. Omlag halvparten budde i Vang på tidspunktet for undersøkinga. Blant dei som ikkje budde i Vang allereie, såg ca 80 prosent føre seg å flytte hit innan 0-5 år.

Nærleik til naturen er viktig for respondentane når dei skal finne seg bolig i Vang. I prioritert rekkefølge ynskjer respondentane følgjande for lokasjon av bolig;

- *Utsikt og soltilhøve*
- *Nærleik til naturen*
- *Lite støy og trafikk*
- *Naturtomt, nært sti*
- *Barnehage og skule, jobb og butikk*

Desse tendensane går også att i djuvdesamtalane med fokusgruppene. Dei fleste ynskjer gard, småbruk eller einebolig som buform. Informantane under 25 melder også om at nærleik til natur og god plass er viktig når dei til slutt skal kjøpe eller bygge sitt eige. Men før dette stadiet er det andre behov som må dekkast;

- *Lettvinte, moderne leiligheter som kan fungere som mellombustad før einebolig*
- *Boligar for korttidsleige*

Boligundersøkinga tyder også på at det også kan finnast ein marknad for mindre bueningar. 80 prosent av respondentane ynskjer bolig i gruppene mellom 40-120 kvm.

I Stortingsmeldinga *Leve hele livet* frå 2018 blir sambruk og samlokalisering trekt fram som eit tiltak for god livskvalitet for eldre. Omsorgsbustadar og bustadar eigna for heile livsløpet bør byggast slik at dei blir integrert i lokalsamfunnet, med felles funksjonar og møtestadar på tvers av generasjonar. Ein må legge til rette for sambruk av lokale og uformelle møtestadar i samband med boligane for å gi eit rikare liv for bebuarane og dei øvrige innbyggjarane i bygda.

Prioriteringar for bustader basert på kartlegginga:

- **Indre sone:** Unge før og i etableringsfasen, eldre som kjem frå stor einebolig og ynskjer meir lettvinnt og sosial bolig, folk med behov for kort- og langtidsleige
- **Klukkarhaugen:** Boligar med utsikt over Vangsmjøsa i vest for torg, i gågate med mogleg næringsareal i fyrste etasje. Enkle boligar med lett tilgang til grøntareal, torg og aktivitetar som er lavterskel og alderslause for å sikre god livskvalitet for unge og eldre.
- **Grindaheim:** fleksible boligar med moglegheit for kort- og langtidsleige
- **Mellomsone og ytre sone:** For barnefamiljar vil vi trekke boligane ut frå indre sone, men framleis i sykkel- og gåavstand til Klynga på Klukkarhaugen. Utsikt, nærleik til natur og plass er viktige drivarar for barnefamiliane som vel Vang, og det lyttar vi til.

Kartlegging: Møteplassar

«Alderslause, språkause og lågterskel» (sit. Vangsgjelding)

Sentrum må vere inkluderande. Biblioteket er eit døme på ein lavterskel møtestad der alle høyrer til. Benkar og bord ute, park og strand samlar menneske, og det er gratis. Andre lavterskel aktivitetar kan vere utandørs sjakkbord, boccia-bane og grøntareal som er innbydande og tilgjengeleg.

Forslaget vårt inkluderer flest breie møteplassar for alle. På flankane i vårt forslag vil kunst/atelier/utstillingar, verkstad, scene/utearrangement og destilleri vende seg til eit smalare publikum, men samstundes dekke behov som gir heilskap og som tiltrekk seg besøkande og turistar.

«Alle vil møtast meir» (sit. Vangsgjelding)

Dette var gjennomgåande frå alle vi intervjuar. Folk vil møtast, men dei manglar ein grunn til å reise til sentrum. Folk er også bundne til si grend, og har lite tilknytning til sentrum. Felles for alle, er at dei er stolte

av Vang og sin identitet som Vangsgjelding. Sentrum treng ein eller fleire gode attraksjonar for å styrke tilknytning til bygda ut over grenda heime, og gir ein god grunn for å ta turen.

Sosiale møtestader med lav terskel er viktig for folk. Eit bakeri har eigenskapar som kan samle alle. Alle treng brød og bakervarer, det er relativt sett billig, er attraktivt for lokale, hyttefolk og forbipasserande. Ein pub eller kafé kan fungere som samlingsstad for organisasjonar og lag, og vere arena for møter mellom nye og gamle vangsgjeldingar.

Det er viktig at alt vi gjer får ein djup, lokal identitet. Enkelte ungdommar har gitt uttrykk for at det blir gjort meir for tilflyttarar enn for dei som kjem frå bygda. Forslaget vårt speglar eit ønske om å gi Vangsgjeldingane ein naturleg møtestad som ivaretek våre behov og ønskjer.

Handle, ete, drikke – eller berre møtast

I vårt konsept søker vi ein god samansetning av dei kommersielle tilboda (kjøpe mat, bakervarer, kaffi, destilleriomvisning osv) - og dei uformelle, frie møteplassane (bord, benkar, torg, gater, park, bibliotek). Vi ønskjer å at sentrum skal vera ein stad som byr på moglegheiter 16/7. Ikkje berre på dagtid. Ikkje berre i helgene. Ikkje berre om sommaren, men frå morgon til kveld – kvardag og helg, sommar og vinter.

«Vi treng informasjon om tilbod og tenester, både skilting og digitalt» (sit. Vangsgjelding)

Det blir viktig å kommunisere Vang sentrum både fysisk (med skilt) og digitalt (Some og nett). Tilbakemeldingar frå våre informantar tyder på at folk saknar betre informasjon om kva som skjer, og betre skilting av kva og kvar. I kartlegginga kom det også fram at Frisklivssentralen og Frivilligsentralen har eit prosjekt om informasjon på gang allereie.

Ein møtestad med lokalmat i sentrum

Vi har snakka med ei rekke lokalmatprodusentar. Felles for alle er eit sterkt ønskje om ein møtestad. Form og konsept må utviklast i tråd med produsentane sine ambisjonar, moglegheit for samarbeid og økonomi. Det er mange moglegheiter, men ingen enkel veg til eit utsal om dette krever investeringar frå deltakarane/produsentane. Men det alle ønskjer er eit fellesskap og ein møtestad. Eit nettverk og ein stad for å dele kunnskap og erfaringar, treffast, drikke kaffi og kanskje også jobbe. Det er viktig for alle å ha moglegheit til å treffe sluttkunden. Ein møtestad kan bli spira til å utvikle ei løysing for eit fellesskap som også kan selge og levere lokalmat til marknaden, men utan å binde produsentane til kostnader dei ikkje kan vera med på.

Fleirbrukshuset er sentralt i konseptet vårt. Vang er for lite til å bygge eit hus for kvar interessegruppe. Stokkøya har sin «bygdeboks», eit fleirbrukshus som rommar ulike ønskjer og behov. Vi trur eit fleirbrukshus kan vere ei løysing for Vang sentrum. Det betyr ei hus der fasilitetane legges til rette for ulike behov. Kjøken, møterom og møteromsfasilitetar når vi skal treffast med eller utan mat og drikke. Ein stad å øve med koret, møtes i historielaget eller planlegge eit arrangement. Eit

lite amfi for mini-kino og film og foredrag. Kafèareal for pop-up-anledningar. Eit hus der mange ulike behov kan imøtekomast utan at alt må riggast om kvar gong.

Prioriteringar for møteplassar basert på kartlegginga:


- Torg og park: Aktivitetar som er alderslause, språklause og lavterskel, og fasilitetar som legg til rette for små og store arrangement utan store tiltak
- Arbeidsfellesskap og fleirbrukshus: med bakeri og fleirbruksareal for arrangement og anna
- Fellesverkstad: For reparasjon og innovasjon, for bebuarane i sentrum og innbyggerane ellers
- Strandpromenade og brygge - bindeledd frå badstova til smia
- Lokalmatutsal, serveringsstad, pub: Grindaheim, Klukkarhaugen, Sommerhotellet

Løysingsforslag

På dei neste sidene syner vi korleis vi meiner at Klynga på Klokkarhaugen kan utviklast til eit levande sentrumsområde.



Det store bildet



Indre sone (mørk blå)

Vi reknar området som ligg innanfor 5-10 minuttss gange som ein utvida del av sentrumskjerna. Innanfor dette området kan det utviklast bustad og næring ved Klokkarhaugen, samt nye bustadkonsept på eksisterande areal/tomter i Lundsmarka bustadfelt.

Mellomsone (mellomblå)

Randsone har i stor grad spreidd bustadbygging og mykje jordbruksareal. Vi ser føre oss at dette området i stor grad består som det er. Området eignar seg utmerka for barnefamilier og andre som vil bu tettare på naturen, men likevel nært sentrumsfunksjonane.

Ytre sone (lys blå)

I den ytre sona ligg VBU og Mjøsvalg (med ulike funksjonar) som kvart sitt endepunkt på det vi reknar som sentrumsområdet i Vang. Sona eignar seg utmerka for bustader tett på natur og fritidstilbod, t.d. godt eigna for familier.

Det nære bildet: Klynga på Klokkarhaugen

Dette kartet viser korleis vi ser for oss å utvikle området rundt Klokkarhaugen med ei klynge av næring, bustader og møteplassar.

Området innbefattar også dei eksisterande bygga på sørsida av E16, som vi meiner bør sikrast eit vidare liv før utbygging på nordsida av vegen byrjar.

På neste side gjer vi kort greie for funksjonane vi ser føre oss at dei ulike bygga og uteområda kan ha.



Funksjonsoversikt

Sommerhotellet

Beheld dagens funksjon som overnattings- og serveringsstad i sommarsesongen. Kan få utvida både sesong og marknad gjennom samarbeid/nyttegjering av funksjonar som blir utvikla i nabolaget, m.a. destilleriet, Smia og parken (arrangement). Hotellet har privat strand og badeplass.

Telegrafan

Telegrafan kan eigne seg som galleri og atelier, men vil krevja omfattande istandsetjing. Kan også få ein funksjon i samband med Kongevegen, ettersom traseen går like utanfor.

Støyskjerm med uthus og drivhus

Vi er sær opptekne av at støyskjermen ikkje skal bli eit fysisk hinder for både utsyn og kontakt mellom veggen og området på nedsida av E16. Konseptet vårt legg difor til grunn at støyskjermen blir aktivert og knytta til uthus, drivhus og andre bruksformål, som skapar nysgjerrigheit og opnar utsynet mot Vangsmjøse og fjella frå veg og gangveg.

Frimann Fjellbrenneri

Privateigd destilleri med lokale og oslobaserte eigarar. Selskapet er etablert, og ynskjer å arbeide vidare med etablering av destilleri for produksjon av gin og akevitt m.m. så fort reguleringsplanen er ferdigstilt.

Parken

Parkområde mellom destilleri, Smia og bustad/næring som er rigga og delvis skjerna med tanke på bruk til mindre arrangement og konsertar – ein funksjon som er sakna i dagens Vang sentrum. Knyttar seg mot gøta og stranda.

Smia

Den gamle Smia ynskjer vi å gje ein ny funksjon som arrangementslokale og arena for pop-up-tiltak (eventar, restaurant, utstilling, konsertar m.m.)

Utleigeiningar og verkstader

På sørsida av parken ser vi føre oss mindre utleigeiningar i kombinasjon med verkstader for kreative næringer og lagerareal.

Gøte + båt- og kajakkbrygge

Området delast av med ei grønn lunge (gøte), som knyttar seg heile vegen ned mot vatnet – kor den ender i ei lita brygge for småbåtar og kajakkar (for bebuarar og til utleige).

Næringslokaler og bustader

Langs «gata» frå parken og opp mot torget vil legge til rette for kombinerte nærings- og bustadbygg, med næring på gateplan.

H.T. Ellingbø

Beheld dagens funksjon med utleigebustader i øveretasjane og lokaler for servicenæring i første etasje.

Klokkarhaugen

Det gamle bygget på Klokkarhaugen nyttast til pub og enkel servering, som knyttar seg mot torget med uteplassar og rom for lek og moro.

Torget

Torget blir nullpunktet i sentrumskjerna, og møteplassen både i kvardagen og for dei store hendingane. Torget har fleire

utsiktspunkt mot fjella rundt, og møblerast med benkar og soner for uformelle møter. Torget nyttast til dels til parkeringsformål i kvardagen, men kan ryddast heilt og brukast som marknadsplass ved særskilte høve.

Arbeidsfellesskap

Dette blir ein utvida versjon av dagens eksisterande kontorfellesskap i Vang, mynta på både kontorbaserte næringer og andre kreative næringer. Bygget har også fleirbruksområder som kan nyttast til konsertar, foredrag m.m., samt rom for bakeri og turistinformasjon. Funksjonane kan i stor grad dele både areal og bemanning i kvardagen, slik at tenestene kan styrke kvarandres eksistensgrunnlag.

Banken

Beheld dagens funksjon som banklokaler med lokaler for kontor eller servicenæring i kjellaren.

Grindaheim

Vi har valgt å innarbeide gamle Grindaheim hotell i planen, ettersom mottaket etter alle solemerker blir nedlagt. Dette bygget

må få nytt liv for at Vang sentrum skal bli ein triveleg stad å jobbe, bu og besøke. Vi ser eit betydeleg potensiale for å kunne løyse mange av dei behova vi har funne for Vang sentrum innanfor bygningsmassen på Grindaheim. Bygget vil til dels kunne la seg bygge om til bustader både for sal og utleige, medan dei eksisterande fellesareala i bygget kan få nye funksjonar som produksjonslokaler for lokalmat med utsal/etestad, treningssenter med behandlingsrom m.m. – til dels plasskrevjande funksjonar som det vil vera krevjande å finne plass til andre stader, men som i sum vil gjera sentrum endå meir attraktivt. Gjenbruken av hotellbygget til bustadformål vil også vera avgjerande for å kunne fortette sentrum i det omfanget ein ynskjer, utan at området ned mot vatnet blir altfor tettbygdt og «privatisert».

Parkering

Vi tilrår etablering av ny parkering på arealet mellom Grindaheim Hotell og Vangsheimen, som knytter seg til Klokkarhaugen med ny overgang ved eksisterande busstopp. Her kan det gjerast rom for minimum 40 bilar. Våre berekningar syner at det ellers finst totalt ca 230 parkeringsplassar i aksa frå Klokkarhaugen til Drengestøga i dag;

Rundt banken:	48 stk
Rundt kommunehuset:	45 stk
Rundt Vangstunet:	41 stk
Ved Vangsheimen:	25 stk
Kyrkja/Drengestøga:	70 stk
Ny parkering:	40 stk


Totalt er vi då oppe i 270 plassar. Vi legg til grunn at parkeringsbehov for nye bustader i planområdet blir dekkja i tilknytning til bustaden, og meiner at ein utover dette må sjå parkeringsbehovet for heile sentrum som ein heilskap. Kapasiteten er slik sett veldig god, om ein legg til grunn at storparten av besøkstrafikken til området (eksterne gjester) vil koma på kveld, helg og i ferier – kor den øvrige parkeringskapasiteten stort sett er lite pressa.

Fleire av dei eksisterande næringsdrivande i sentrum gjev også uttrykk for at deira tilsette gjerne kan parkere litt lengre unna for å frigjere plassar til kundar og besøkande tett på, så lenge dei tilsette er sikra ein plass til bilen ein plass i sentrumskjerna.

God skilting i sentrum vil derimot vera ein avgjerande suksessfaktor for at dette skal fungere i praksis, slik at utanforståande forstår kvar dei kan parkere, og korleis dei kjem seg rundt til fots. Dette blir også

peika på som eit behov frå dei lokale vi har intervjuja.

Dersom behovet i praksis syner seg å vera endå større enn dette er det ei moglegheit med parkeringskjellar under Arbeidsfellesskapet, men vi meiner at dette er såpass krevjande å realisere frå eit økonomisk perspektiv, at alle andre løysingar må utgreiast nøye fyrst.



Utsnittet

Dette snittet syner heile aksen frå gamle Grindaheim hotell, via Klokkarhaugen og ned til vatnet. Formålet er å syne korleis området er tenkt i samanheng, og på kva for nivå dei ulike funksjonane løysast.



Konseptillustrasjon av utviklingsområdet sett fra Grindaheim hotell




Konseptillustrasjon av utviklingsområdet sett frå vatnet



Konseptillustrasjon av aktivert støyskjerm med praktiske formål



Konseptillustrasjon frå torget ved Klokkarhaugen



Konseptillustrasjon av området ved parken, Smia, destilleriet og Sommerhotellet



Konseptillustrasjon av utsyn frå området ved destilleriet/Smia



Realisering:

Korleis får vi til dette i praksis?

Kommunal eller privat regi?

Vårt utgangspunkt er at den framtidige utviklinga av Vang sentrum fortrinnsvis bør skje i regi av private utbyggjarar, men med oppbacking frå kommunen i form av tilrettelagt infrastruktur, samt eventuelt kjøp av leilegheter til kommunale føremål – alternativt at kommunen står som garantist for eit visst antal utleigeeiningar. Både deler kan vera gode incentiv for å få utbygginga i gang.

Det er ein viktig suksessfaktor for realiseringa at kommunen som eigar av arealet tidleg legg til rette for at området kan byggjast ut slik den nye reguleringsplanen legg opp til, og at framføring av naudsynt infrastruktur ikkje blir ein forsinkande faktor. «Stamvegane» i planområdet og den grunn-

leggande infrastrukturen bør leggjast til rette for heile området på likt, slik at realiseringa kan byrje i den enden av området kor konsept og finansiering kjem på plass fyrst.

I den grad kommunen sjølv ynskjer å vera utbyggjar for deler av, og/eller aktiv deltakar i, utviklingsløpet framover så er dette sjølvsagt positivt – men vi ser altså i utgangspunktet ikkje på dette som ei kommunal oppgåve.

Organisert fellesskap

Bedriftsnettverk med opsjonsavtale

Vårt utgangspunkt er at dei aktørane som har størst interesse av å utvikle Vang sentrum finn saman, og tek det vidare løftet i eit organisert fellesskap. Med ei slik tilnærming kan mykje skje på kort tid, og ein kan få fullt utbytte av synergiane mellom ulike satsingar og ynskjer – framfor at alle jobbar på kvar sin kant med sine egne idear.

Dette er også bakteppet for at vi i vårt konsept i stor grad legg opp til fleirbruk av mange bygg og funksjonar i sentrumskjerna. Vang sentrum er for lite til at dei fleste av oss kan bli gode åleine, men som del av ei aktiv klynge kan vi skape eit langt større avtrykk.

Vi trur også at dette er den rette tilnærminga for å sikre eit breitt engasjement rundt «nye» Vang sentrum, der alle aktørane som tek aktivt del i utviklinga kjenner eigarskap til heile planen. Eit lagarbeid i dette formatet meiner vi er heilt naudsynt for å evne å få til eit slikt løft, og det å etablere ein felles overordna plan og ambisjon vil vera ein viktig suksessfaktor for å skape

både motivasjon og sikkerheit (forankring) på tvers av aktørane. Ei etappevis utvikling er langt lettare å realisere utan konflikter dersom heilskapen er planlagt før det fyrste bygget etablerast.

Vi føreslær difor at dei aktørane som har ynskjer om utvikling rundt Klokkarhaugen finn saman i form av eit bedriftsnettverk, og i fellesskap arbeider fram eit solid konsept som kan realiserast etappevis. Denne klynga bør bestå av eksisterande huseigarar i aksen rundt Klokkarhaugen (m.a. Valdres Sparebank, Grindaheim Invest AS, Solemsli AS, Sommerhotellet) og aktørar som har eit klart ynskje om å ta ei aktiv rolle i den vidare utviklinga (t.d. Kontorfellesskapet 1724 SA). Kommunen bør også vera tilknyttat nettverket i kraft av si rolle som tomteeigar og potensiell tilretteleggjar, men ikkje nødvendigvis som ein kommersiell partner på linje med dei øvrige. Brorparten av dei nemnde næringsaktørane har gjennom våre djubdeintervju vore tydelege på at dei ynskjer å ta del i eit slikt nettverk, dersom det blir ein realitet. Dette ser vi på som eit svært godt utgangspunkt.



Næring fyrst, resten etterpå

Sjølv om behovet vi søker å løyse i sentrum skal dekke tre samansette behov (bustader, næring og møteplassar), så meiner vi at denne klynga bør starte som ei næringsklynge. Bustader, møteplassar og næring heng tett saman i konseptet vårt – men vi meiner at næringsdelen må løysast fyrst. Om ein har konkrete behov å løyse for næringsaktørar, så vil bustadene gjerne koma av seg sjølv – fordi dei vil vera ein viktig faktor i å finansiere utbygginga i sin heilskap. Samtaler vi har hatt med både eksisterande og potensielt nye huseigarar i sentrum peikar mot at ein kombinasjon av bustad og næring

Styrka moglegheiter i kjølvatnet av Covid-19

Det siste halvanna året har moglegheitene for bygdekommuner som Vang fått eit heilt nytt speleroom. Fjernarbeid har vorte meir regelen enn unntaket innanfor mange yrkesgrupper, og dette har medført at hundretusenvis av potensielle arbeidstakarar no faktisk har ei reell moglegheit til å velje seg Vang og våre kvalitetar – utan å måtte gje slepp på arbeidsplassen.

generelt er meir attraktiv å investere i enn kun den eine delen.

Ei slik klynge kan ha gode moglegheiter for å reise kapital både internt og eksternt. I utviklingsfasen vil ein kunne søke støtte frå m.a. Innovasjon Norge, og i neste fase kan ordningar frå t.d. Husbanken nyttast for å realisere deler av bustadbygginga i prosjektet - særskilt dersom kommunen er aktuell som disponent/kjøpar av fleire einingar.

Men signala er samstundes tydelege på at dette fordrar god tilrettelegging for desse arbeidstakarane, i form av ulike former for arbeidsfelleskap. I Vang har vi allereie mange døme på folk som har flytta til bygda med jobben i sekken, også før koronaviruset kom på banen – men interessa har fått ein markant auka boost det siste året, i følge intervjuet vi gjorde med Innovasjon.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har varsla lansering av ei ny støtteordning for etablering av nye arbeidsfelleskap i distriktet i statsbudsjettet for 2022 – som eit verkemiddel for å få fleire til å ta med seg jobben sin ut frå dei store byane. Dette er eit tydeleg politisk signal som vitnar om at timingen kan vera veldig god for ei utvida klyngesatsing på Klokkarhaugen.



Kort oppsummert – steg for steg

1. Etablering av bedriftsnettverk (haust/vinter 2021-22)

Første steg er etablering og formalisering av eit bedriftsnettverk, bestående av aktørar som ynskjer å ta aktivt del i utviklinga. Aktørane som ligg innanfor planområdet er del av nettverket, og fellesskapet sikrar seg opsjon på utviklingsrett til regulerte, ubebygde areal. Nettverket finansierer sitt arbeid gjennom ein kombinasjon av eigenkapital og tilskot (IN, KMD eller ein kombinasjon).



2. Utvikling av overordna konsept og prospekt for heile arealet (2022)

Basert på basiskonseptet utarbeidar nettverket eit overordna konsept og prospekt for heile arealet, som mogleggjer etappevis realisering etter ein heilskapleg plan.



3. Etappevis realisering (frå 2. halvår 2022)

Dei ulike om- og utbyggingane i området realiserast etappevis med oppstart i løpet av 2022. Realiseringa skjer anten i regi av aktørane i nettverket sjølve, eller i form av interne eller eksterne samarbeid.



© 2021 Klynga på Klokkarhaugen · Marius Waagaard, Eirik Høyme Rogn, Sigrid Skjerdal, Trine Grann, Endre Vik